

Saudabarnehagane

Felles strategi for overgang frå heim til barnehage

Foreldreaktiv tilvenning

"Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen" Rammeplanen



Strategien er utarbeida i samråd med pedagogar på småbarnsavdelingar frå alle barnehagane i Sauda samt helsestasjon, PPT og barne- og familieteam



Mynde til godkjenning og revidering: Kommunalsjef for oppvekst har mynde til å godkjenne og rullera denne rettleiaren. Rettleiaren skal reviderast kvart år

Rettleiaren skal distribuerast til: Alle einingsleiarar innan oppvekst, samt einingsleiarar i helse.

Rettleiaren er for: Alle tilsette i barnehage, føresette, PPT, helsestasjon barne- og familieteam og barnevern.

Høyring: Rettleiaren har vore på høyring hjå barnehagane, PPT, helsestasjon, barne- og familieteam.

Kjelder: May Britt Drugli 2011, 2017. Foreldreaktiv tilvenning.

Rettleiar for overgang heim- barnehage, Suldal kommune

Arbeidsgruppe representert med pedagogar frå alle barnehagane i Sauda kommune

Sist godkjent:

Innhold

Velkommen til barnehagestart i Sauda kommune.....	4
I denne strategien vil me oppnå:.....	5
Kva er foreldreaktiv tilvenning?	5
Fagleg forankring.....	6
Barnehagelova seier:.....	6
Rammeplanen seier:.....	6
Tilknytning	6
Tilknytingsperson	7
Heimen si rolle.....	8
Barnehagen sitt arbeid	9
Tilknytningspersonen si rolle.....	10
Årshjul.....	11
Forslag til aktivitetsplan	11
Forslag til førebuing.....	11
Forslag til organisering av barnehagestart.....	12
Barnehagen sine forventningar til dei føresette i tilvenningsperioden	13
Dag 1-3:	13
Dag 4 og 5:.....	13
Dei første vekene	13
Gi tilvenninga tid	15
Vedlegg.....	16
1 Velkomstbrev.....	16

Velkommen til barnehagestart i Sauda kommune

Å starte i barnehagen er ei stor endring i livet for små born. Dei aller fleste barna i Noreg startar i barnehagen etter å ha vore dei første månadene av livet heime med foreldra sine. Barnehagestart gjer at no er det andre vaksne som har ansvaret for bornet store delar av dagen. Barnet opplever å gå frå å ha få vaksne kring seg, til at dei skal dei møta ei verd med nye vaksne og born, der dei må dela merksemd, trøyst og leikar med fleire andre born.

Denne planen skal vere ei hjelp slik at overgangen frå heimen til barnehagen vert god for alle born i Sauda kommune.

Målgruppa for denne strategien er føresette, tilsette i barnehagane, PPT, barne- og familieteam og barnevernstenesta.

Målet er at alle barn skal ha eit godt og eit trygt miljø i barnehagen.

<https://www.sauda.kommune.no/tjenester/barn-og-unge/barnehage/>



I denne strategien vil me oppnå:

- Fremja god barnehagekvalitet for «dei yngste» i barnehagen
- Auka forståing og kunnskap hjå tilsette og føresette om korleis små barn kan bli påverka av overgangen frå heim til barnehage.
- Skape gode rutinar for tilvenning, og følgja dei i praksis
- Sikre at alle barn skal ha minst ein trygg tilknytning til ein vaksen i barnehagen

Kva er foreldreaktiv tilvenning?

Modellen er basert på forskingsarbeidet til pedagog May Britt Drugli

Kjernekomponenter i foreldreaktiv tilvenning er:

- Foreldremøte for nye foreldre før barnehagestart
- Besøk i barnehagen for barn og foreldre før barnehagestart
- Barnet får minst ein fast tilknytningsperson i barnehagen som er i nærleiken og nærmar seg barnet gradvis ved barnehagestart.
- Foreldra er aktivt saman med barnet opp mot fem dagar, eller meir, ved barnehagestart.
- Foreldra deltek aktivt i praktiske oppgåver i barnehagen og tek ansvar for barnet sitt i lek, aktivitet, stell og måltid den første tida.
- Foreldra deltek i gruppe med andre foresatte dei første dagane.
- Samtale med pedagogisk personale etter oppstart i barnehagen.



Fagleg forankring

Barnehagelova seier: "*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter*".

Rammeplanen seier: "*Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tiden slik at barnet kan oppleve tilhørighet og trygghet til å leke, utforske og lære*".

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>



Tilknytning

Til no har barnet hatt ein trygg tilknytning til foreldra i heimen. Tilknytning handlar om omsorgspersonane si evne til å lese barnet sine signal slik at barnet får hjelp til regulering av opplevingar, kjensler og åtferd.

Barn med ei trygg tilknytning til foreldra sine vil ha større føresetnader for å knyte band med andre barn og vaksne. Ved tilvenning i barnehagen må ein likevel ta omsyn til at barnet kan vera skeptiske til andre vaksne. Stress hjå små barn kan påverke hjernen si utvikling.

Ei god tilknytning kan vera stressreducerande. Saman skal me gjere overgangen frå heim til barnehage så mjuk og fin gjennom fokus på trygg tilknytning til det nye.

Tilknytingsperson

Det er ein stor overgang for barnet å starte i barnehagen. Frå å vere saman med få personar i heimen, skal barnet bli introdusert for fleire vaksne som korkje kjenner barnet, eller barnet sine signal og behov. I tillegg til skal barnet venne seg til nye rutinar og omgivnader. Den første tida i barnehagen vil handle om dette.

I Saida ynskjer me at barnet skal få ei trygg tilknytning til minst ein vaksen i barnehagen dei første dagane og vekene. I saudabarnehagane kallar me dette for ein «*tilknytningsperson*». Dette kan organiserast ved at barnet får 1- 2 faste tilknytningspersonar den første tida i barnehagen

Tilknytningspersonane arbeider på småbarnsavdelinga som barnet startar på. Den vaksne viser med heile seg at dei er tilgjengeleg for barnet og vil støtte og hjelpe. Dette kan vere i situasjonar der det er behov for trøyst, mat, kvile og tryggleik.



Fto: iStock

Heimen si rolle

For å få ein god og trygg start for både barn og føresette, legg me vekt på at foreldra er aktive og med i tilvenningsperioden. Målet med foreldreaktiv tilvenning er å skape tryggleik, der foreldra er ein trygg base for barnet sitt. Tida dei første dagane vert nytta til å bli kjende, til å etablera gode relasjonar, til tett oppfølging og tid til å kjenne at ein høyrer til som barn og vaksen. Det er foreldra som kjenner barnet sine best, som forstår dei ulike uttrykkja og kva barnet treng. Det er difor ønskjeleg at foreldra:

- Møter på foreldremøte før barnehagestart.
- Møter på besøksdag i juni
- Er saman med barnet sitt dei timane barnet er i barnehagen, gjerne opp i mot 5 dagar, eller meir om barnet treng det, og er nær barnet i leik og aktivitet.
- Les informasjon frå barnehagen som til dømes velkomstbrev, månadsplan og anna informasjon samt er tilgjengelege for barnehagen.
- Tek med eit overgangsobjekt om barnet treng dette. Dette kan vera noko barnet knyt seg til og som er symbol for foreldra og deira tryggleik. Døme på dette kan vera: bamse, klut, smokk, bilete mm.
- Tek med ei liste over ord barnet nyttar slik at dei vaksne i barnehagen kan forstå noko av det barnet ytrar.
- Samarbeider med andre familiar som har tilvenning samstundes.




Foto: iStock

Barnehagen sitt arbeid

Dei tilsette i barnehagen ønskjer å bli kjent med det nye barnet. Når barnet startar i barnehagen skal foreldra vera nær barnet i leik og aktivitet. Foreldra er ein trygg base i barnet si utforsking av nye leiker, barn og vaksne i barnhagen. Det er viktig at det er foreldra som oversett signala til barnet og bidrar til at dei vaksne i barnehagen forstår barnet sine behov.

Tryggleikssirkelen viser korleis dette kan vera. Alle barnehagane jobbar etter denne modellen. I barnehagane i Sauda nyttar me ofte omgrepet COS (Circle of security) når me snakkar om tryggleikssirkelen



Tilknytningspersonen si rolle

- Tilknytningsperson(ane) er den eller dei vaksne i barnehagen som foreldra og barnet held seg til mest i starten. Målet er å skape tryggleik for barnet.
- Dei første dagane i barnehagen er det foreldra som er den trygge basen til barnet. Foreldra er aktivt med i alle aktivitetane i barnehagen. Tilknytningspersonen er til stade desse dagane for å læra. Fokuset er på å læra korleis foreldra mater, steller og samspekar med barnet sitt.
- Tilknytningspersonen overtar gradvis litt meir av ansvaret for barnet etter kvart som dette er naturleg. Tilknytningspersonen introduserer barnet for andre barn og vaksne i barnehagen.
- Når tilvenningsdagane er over, og barnet har utvikla ein trygg relasjon til tilknytningspersonen, er det denne som blir den trygge basen den tida foreldra ikkje er i barnehagen. Barnet vil forlata den trygge basen når han/ ho blir trygg på omgjevnadene. Truleg vil barnet sjekka ut at den vaksne er i nærleiken med jamne mellomrom. Då er det viktig at barnet får beskjed om og når ein går, og kva vaksen som er der for barnet.
- Når barnet er trygg på, og har ein god relasjon til den vaksne, blir det enklare å utvikla gode relasjonar til dei andre barn og vaksne i barnehagen.
- Det er rom for å bytte tilknytningsperson dersom det visar seg at barnet ikkje knyt seg til den vaksne.



Foto: iStock

Årshjul.

Forslag til aktivitetsplan

Dato	Aktivitet	Innhald	Ansvar
Barnet er 3-4 mnd	Barselgruppe på helsestasjon	Tema: Samspel/ tilknytning	Helsestasjon
Barnet er 8-10 mnd	Kontroll på helsestasjonen	Tema: Barnehagestart.	Helsestasjon
Mars	Søknadsfrist hovedopptak 1. mars	Sjå https://www.sauda.kommune.no/tjenester/barn-og-unge/barnehage/barnehageplass/	Kommune
April	Foreldre får velkomstbrev frå barnehagen	Informasjon om barnehagen, oppstartsdato, foreldremøte, besøksdag og tilvenningsdagar.	Barnehage
Mai	Foreldremøte i barnehagen*	Forslag til organisering: * Sjå filmen om oppstart (sjå under) * Drøfte film(sjå under). Kva tankar har føresette og barnehage om det som no vart vist? <ul style="list-style-type: none">- Samtale om tilknytning/ tryggleikssirkelen- Samtale om foreldreaktiv tilvenning- Samtale om det praktiske før oppstart i barnehage	Barnehage
Juni	Invitere barn og foreldre til besøk i barnehagen*	Kort besøk, omvising inne og ute og helse på avdeling	Barnehage
August	Barnehagestart 15. august /eller etter avtale*	Ved oppstart er ein av foreldra saman med barnet opp mot 5 heile dagar, eller meir. Ein «heil dag» er den tida barnet er i barnehagen. I starten treng dette berre vera kring 2-4 timar Dei vaksne deltar aktivt	Barnehage og føresette
August /september	Oppstartssamtale med føresette*	Samtale om den første tida i barnehagen	Barnehage

*Ved supplerande opptak vert dette avtalt med den einskilde.

Forslag til førebuing.

Foreldremøte:

<https://www.youtube.com/watch?v=8ESKVXyCyhk>

Barnehagepersonale:

<https://www.youtube.com/watch?v=IlojSdyRUtc> (om oppstart)

https://www.youtube.com/watch?v=4MjVNfL_I48

Forslag til organisering av barnehagestart.

Gruppedeling

Å dela barn og foreldre inn i mindre grupper gjer at foreldre og barn og blir kjende med kvarandre og bidrar til å skape tryggleik i barnehagen. Gruppa er saman under tilvenningsperioden. Med denne tilvenningsmetoden får ein betre tid til å utveksla informasjon med kvarandre, noko som er godt, både for tilsette og foreldre.

Tilvenningsperiode opp mot 5 dagar eller meir

Foreldra er saman med barna sine heile tida dei første tre til fem dagane i barnehagen. Dei deltar aktivt i barnehagen sine rutinar, daglege oppgåver, dei støtter barnet sitt, mater, skifter bleier og er med i aktivitetane som barnehagen legg til rette for. (Arbeidsgiver dekkjer 3 dagar, ut over dette må ein nytte ferie- og/eller permisjonsdagar)

Likeverdige aktørar

Foreldra har ikkje gjesteroller, men får gjera seg kjende med barnehagen slik at dei får oppleve å vera på heimebane. Hensikta er at foreldre og barn skal bli kjende med barnehagen, dei tilsette og rutinane. Dei tilsette skal bli kjende med foreldra, barna og samspelet deira. Alle er likeverdige aktørar.

Barnehagen sine rutinar er viktig

Barnehagen sine ordinære rutinar skal følgjast i størst mogleg grad, slik at foreldre og barn får læra korleis ein har det i barnehagen. Dei vaksne inviterer barna inn i leik og aktivitetar saman med barn som har gått i barnehagen før.

Barnehagen sine forventningar til dei føresette i tilvenningsperioden

Dag 1-3:

- Du har hovudansvaret for barnet ditt. Du skal vera tilgjengeleg og i nærleiken av barnet heile tida. Dette gjeld og for barn som blir raskt kjende i barnehagen.
- Du deltar aktivt i barnehagedagen. Du er i lag med barnet i lek og aktivitet, stell, kvile, måltid og uteleik.
- Du steller barnet, sit saman under måltid, aktivitet og leik.
- Du skal få informasjon av barnehagen om korleis dagsrytmen i barnehagen er.
- Du skal bli kjent med personalet samt nokon av dei andre foreldra og barna.
- Du skal saman med barnehagen avtala kva tid de kjem med barnet neste dag.

Dag 4 og 5:

- Du er saman med barnet, tek små pausar, trekk deg kanskje tilbake til «foreldre-rom» men er tilgjengeleg medan barnet er i lag med tilknytingspersonen.



Foto: iStock

Dei første vekene

- Du blir kjent med oss i barnehagen, og jobbar for å etablera gode relasjonar. Når barnet ser at du er trygg på oss tilsette i barnehagen, vil dette gjera overgangen mykje lettare. Når me vaksne pratar, smiler og ler i lag, vil dette hjelpe barnet ditt til å oppleve tryggleik og vil raskare finna seg til rette i barnehagen. Når du drar frå

barnehagen vil barnet føla seg tryggare om du viser at du er trygg på å dra. Dersom du synes det er vanskeleg å dra frå barnehagen, kan du snakka med oss om dette.

- Du blir kjent med den nye kvardagen saman med barnet ditt. Vær aktivt til stade med barnet ditt.



Foto: iStock

Hugs at du er den "trygge basen" som barnet skal venda seg til for å finna tryggleik.

Etter kvart vil barnet våga å venda seg lengre bort frå deg, og gradvis bli kjent med oss som jobbar i barnehagen. Tilknytingspersonen vil etter kvart bli barnet sin «trygge base», og når det blir naturleg vil barnet læra seg å kjenna fleire i barnehagen.

I starten kan det vera ein fordel at barnet ikkje har så lange dagar i barnehagen. Det er viktig at du seier i frå til barnet om at du går, og at du ikkje drar ut avskjeden for lenge. På denne måten får barnet tillit til deg. Barnet veit at du går, men og at du kjem tilbake. At barnet ser at foreldra er trygge på de vaksne i barnehagen kan og gjera det lettare å godta at foreldra drar i frå barnehagen.

Tilknytingspersonen vil stadfesta barnet sine kjensler, trøysta, og fortelja at du kjem tilbake. At barnet gret nå du hentar kan betyr at det ikkje er heilt trygg i barnehagen endå. Barnet kan halda på følelsane til du kjem tilbake. Det kan vera triste følelsar, men også glede.



Foto: iStock

Gi tilvenninga tid

Overgong frå heim til barnehagen kan skape mange inntrykk og kjensler for det vesle barnet. Enkelte søv kanskje uroleg om natta, andre kan kanskje sove meir enn dei brukar. Nokon endrar kanskje ete-vanar, og nokon har kanskje litt vondt i magen. Dette kan vera eksemplar på barnet sin måte å seie i frå om at dei ikkje er heilt komfortable og trygge i den nye situasjonen. Vanlegvis går dette fort over. For nokre barn tek dette lengre tid, noko me skal ta omsyn til i oppstartfasen.

Vedlegg

1 Velkomstbrev

Velkommen til barnehagestart i saudabarnehagane

(sendes ut av styrer samen med tilbud om barnehageplass)

Kjære _____ med foresatte

Me ønskjer deg velkommen til å begynne ibarnehage,
avdeling Torsdag den 15. August 2024 kl

Oppstart og tilvenning

- Saudabarnehagane bruker planen: *felles strategi for overgang frå heim til barnehage* som du finn på www.sauda.kommune.no
- Barnet ditt vil få ein eller to tilknytingspersonar, som er våre tilsette på avdelinga. Tilknytingspersonen(ane) er i nærleiken dei første vekene for å bli kjend med dykk og skape tryggleik.
- De skal høyre til i barn/foreldregruppe..... (eks A eller gul) som består av 3-5 familiar som har tilvenning same periode.
- Dei første dagane er det viktig at mor/far blir med, gjerne opp mot fem dagar. Barnet er i barnehagen 2-4 timar pr dag til faste tidspunkt. Dette vert avtalt med barnehagen.
- Praktiske opplysningar vil bli gitt ved besøksdag i juni (Klede/utstyr, årsplan, dagsrytme, informasjonskanal etc.)

Me ser frem til eit nært og godt samarbeid med dykk.

Ta kontakt om det er noko de lurar på.

Helsing....., styrar, i Barnehage

